



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:
16/50740-2

Dykkar referanse:
14/1951- 16/8706

Vår dato:
05.04.2016

Reguleringsplan – gnr. 172 bnr. 10 og 66 – Plan-ID 1263-201101 Nilshøyen bustadfelt i Lindås kommune – Orientering om ny handsaming

Vi viser til Dykkar brev av 31.03.16 med orientering om ny handsaming av reguleringsplanen for Nilshøyen, plan-id 1263-201101 på Seim i Lindås kommune.

Statens vegvesen ga i vårt brev av 03.05.16 uttale til framlegg til reguleringsplan for Nilshøyen bustadfelt på Seim i Lindås kommune. I brevet sette vi krav om at det måtte innarbeidast eit rekkjefølgjekrav om at det måtte etablerast eit fortau langs fylkesveg 402 frå bustadfeltet og fram til fotgjengarfeltet ved skulen før det kan setjast i gang utbygging av det ne bustadfeltet. Dette er no innarbeidd i pkt. 2.9.4 i reguleringsføresegnene til reguleringsplane for Nilshøyen. Statens vegvesen er nøgd med at dette forholdet no er avklara.

Vi skulle gjerne ynskje at det vart innarbeidd fleire tiltak i planen for å sikre tryggleiken for mjuke trafikantar for å få ein sikker skuleveg frå andre bustadområder på Seim og fram til skulen. Ut over det har vi ikkje vesentlege merknader til planframlegget.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Kopi

Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.